



Poon Tip`s Thai take away opna for matsal i dag kl. 14.

Poon Tip`s - Thai take away opna for matsal i dag kl. 14. Alt to timar før offisiell opning var dei fyrste kundane på døra. Taivogna, som vi seier til dagleg, har eit variert utval av matrettar, tilsaman 17 ulike rettar i velja mellom. Vegetarrett står også på menyen.

Matrettane er om lag det same som i 2017. Prisane har auka litt, men med all den maten du får, må dette reknast som rimeleg og god mat. Det vert også levert mat til selskap og som cating. Dersom ei gruppe ynskjer matlevering, er minstetalet 10.

Thaivogna er open kvar dag, inntil vidare frå kl. 14 til kl. 20. Seinare vert opningstida utvida til kl. 22. Ved bestilling kan du bruka mobil: 970 68 597

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal